



Dombås kirke. Foto: Oddbjørn Sørmoen

Program - 4. og 5. februar 2026

Seminar om brannsikkerheit på Dombås

Dovre kyrkjelege råd opplevde 20. februar 2020 det alle fryktar: Dombås kyrkje vart påtent og fekk store skadar. Etter fire lange år kunne bygda 21. april 2024 ta i bruk «Nye» Dombås kyrkje igjen.

Kan vi unngå at fleire må oppleve dette? La oss lære av det som skjedde, så vi slepp fleire skadar og tap av våre verdifulle kyrkjer.

Riksantikvaren, Hovudorganisasjonen KA og Dovre kyrkjelege råd inviterer til seminar om brannsikkerheit i vid forstand. Dette seminaret passar for kyrkjeegarar, brannrådgivarar, brannvesen og andre som arbeider for å ta vare på og sikre kulturarven vår.

Vi har sett saman eit spanande program der vi får høyre og lære om prosessen og samspelet mellom byggeeigar, styresmakter og rådgivarar i oppbygginga og sikringstiltak. I tillegg til Dombås sine erfaringar, vil andre fellesråd og rådgivarar fortelje korleis dei har kome fram til rett sikringsnivå og metode i si kyrkje. Kva er suksessfaktorane og kva er hindringane? Andre tema som vil bli belyst under seminaret er brannsikkerheit ved bygningsarbeid og kva som er viktig å tenkje på etter at vi har sikra kyrkja.

(Bla om for program.)



4. februar

11:00 Registrering

12:00 Lunsj

13:00 Velkomen ved ordførar Magne Vorkinn

13:10 Målet med seminaret og praktiske opplysningar v/Karin Axelsen

13:20 Brann i Dombås kyrkje! Brannsjef, kyrkjetenar, kyrkjevevje og rådsleiar fortel om «branndøgnet».

13:40 Reaksjonar og kommentarar frå bygdefolk v/Hans-Jacob Dahl – tidlegare sokneprest i Dovre.

13:55 Kva taper vi når ei kyrkje brenn? v/Ingrid Staurheim

14:20 Beinstrekk

14:35 Val av sikringssystem, inkl. prosess og metodikk. Døme frå 5 ulike kyrkjer v/kyrkjeeigarar og rådgivarar

Spørsmål og debatt

16:10 Kaffi og «biteti». Vi går til kyrkja.

16:40 Kva gjer vi etter ein brann?

Erfaringar og gode råd frå rådsleiar, kyrkjevevje, biskop, Riksantikvaren, KA

17:30 Trygg i kyrkja, refleksjon frå ein sokneprest v/Magnus Halle, sokneprest i Lesja

5. februar

08:30 Oppsummering frå gårdsdagen og gjennomgang av dagens program

08:35 Frå idé til ferdigstilling, samspel som drivkraft. Slukkeanalyse som verktøy og avgjerdsgrunnlag v/Åge Tøndevoldshagen og Per Ivar Dahlum

09:20 Rett sikkerheit – heilskapleg tenking v/Ingrid Staurheim

09:50 Pause

10:00 Samhandling med kulturstyresmaktene

Korleis få til gode prosessar v/Riksantikvaren, biskop og kyrkjeieigar

Respons og spørsmål frå salen

10:30 Sikkerheit under restaureringsarbeid.

Kva må vi tenkje på når bygget er på sitt mest sårbare v/Karin Axelsen med fleire

11:00 Kyrkja er sikra, kva no? Til glede eller uro?

Opplæring, instruksar, vedlikehald og service v/Karin Axelsen, rådgivarar, eigar

11:45 Oppsummering/spørsmål og info om siste del av programmet

12:00 Lunsj – og forflytting til Dombås kyrkje

13:00 Frå utbrent kyrkje til «nye» Dombås kyrkje

- Kyrkjeieigar sine mål og ynskjer for den nye kyrkja
- Vurderingar og synspunkt frå biskop og Riksantikvaren
- Korleis lukkast med prosess, samhandling og resultat med så mange aktørar?
Synspunkt frå kyrkjeieigar, arkitekt, biskop, forsikringsselskap v/prosjektleiar NAMN
- Involvering av menigheten og frivillige
- Arkitekten sine utfordringar og løysingar
- Lukkast vi? Bruk og erfaringar v/dagens kyrkjestab med fleire
Økta omfattar også kaffipause og sjølvsgagt omvising i kyrkja – frå kjellar til tårn med fokus på 1. plan

15:30 Vel heim